



**Utvalg:** Kontrollutvalet  
**Møtestad:** Viefluno, Bømlo rådhus  
**Dato:** 17.10.2019  
**Tidspunkt:** 10:00 – 12:15

**Følgjande faste medlemmer møte:**

Navn	Funksjon	Representerer
Sonja Hellen Sele	Leiar	H
Lene Borgen Waage	Nestleiar	AP
Martin Lønning	Medlem	PDK
Oddvar Pedersen	Medlem	KRF
Øyvind Schumann Larssen	Medlem	H

**Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:**

Navn	Funksjon	Representerer
------	----------	---------------

**Følgjande varamedlemmer møte:**

Navn	Møtte for	Representerer
------	-----------	---------------

**Merknader**

**Andre som møte:**

Navn	Stilling
Odd Harald Hovland	Ordførar
Else Holst-Larsen	Partner, Deloitte
Lina Hamre	Senior Consultant, Deloitte
Helge Inge Johansen	Spesialrådgjevar, Hordaland fylkekommune

Sonja Hellen Sele  
utvalsleiar

Helge Inge Johansen  
utvalssekretær

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*

## Saksliste

Utvalgs- saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv- saksnr
PS 29/19	Godkjenning av innkalling og sakliste		
PS 30/19	Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte		
PS 31/19	Forvaltningsrevisjon innan busetting og integrering av flyktningar - handlingsplan		2018/30
PS 32/19	Oppfølging av revisjonsrapport om selskapskontroll av Karmsund Havn IKS		2018/9
PS 33/19	Forvaltningsrevisjon innan vedtaksoppfølging og internkontroll - statusmelding frå Deloitte		2019/36
PS 34/19	Vurdering om Deloitte AS er uavhengig i høve Bømlo kommune		2015/77
PS 35/19	Deloitte presenterar revisjonsplan for 2019		2015/71
PS 36/19	Evaluering av arbeidet i kontrollutvalet i denne valperioden		2015/80
PS 37/19	Forslag til budsjett for 2020 til kontroll- og tilsynsarbeidet		2015/70
PS 38/19	Plan for forvaltningsrevisjon 2020-2024 - Bestilling av prosjektplan		2015/68
PS 39/19	Plan for eigarskapskontroll 2020-2024 - bestilling av prosjektplan		2015/69
PS 40/19	Gjennomgang av møteprotokollar		2015/73
PS 41/19	Referatsaker		
RS 6/19	Forum for kontroll og tilsyn - Medlemsinformasjon september 2019		2019/13
PS 42/19	Eventuelt		

### PS 29/19 Godkjenning av innkalling og sakliste

#### Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Bømlo kommune - 17.10.2019

##### Handsaming i møtet:

Det framkom ikkje merknader til innkalling og saksliste.

##### Vedtak:

Innkalling og saksliste vart samrøystes vedteke.

### PS 30/19 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte

#### Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Bømlo kommune - 17.10.2019

##### Handsaming i møtet:

Det framkom ikkje merknadar til protokoll frå møte 09.05.2019

**Vedtak:**

Møteprotokoll frå møte 09.05.2019 vart samrøystes vedteke.

**PS 31/19 Forvaltningsrevisjon innan busetting og integrering av flyktningar - handlingsplan****Forslag til vedtak**

Kontrollutvalet ber om å få ny status på arbeid relatert til forvaltningsrevisjon innan busetting og integrering av flyktningar, med frist 15.01.2020.

**Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Bømlo kommune - 17.10.2019****Handsaming i møtet:**

Kontrollutvalet diskuterte saka og sakframlegget med vedlagt dokumentasjon.

Det kom ikkje fram noko spesielt ved handsaminga av saka.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

**Vedtak:**

Kontrollutvalet ber om å få ny status på arbeid relatert til forvaltningsrevisjon innan busetting og integrering av flyktningar, med frist 15.01.2020.

**PS 32/19 Oppfølging av revisjonsrapport om selskapskontroll av Karmsund Havn IKS****Forslag til vedtak**

Kontrollutvalet takkar for tilbakemeldinga frå rådmann og selskapet, og vel å lukka saka.

**Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Bømlo kommune - 17.10.2019****Handsaming i møtet:**

Kontrollutvalet diskuterte saka og tilbakemeldinga frå selskapet og rådmannen.

Ordførar var godt nøgd med måten selskapet hadde tatt tak i dette og respondert på denne selskapskontrollen.

Forslag til vedtak var samrøystes.

**Vedtak:**

Kontrollutvalet takkar for tilbakemeldinga frå rådmann og selskapet, og vel å lukka saka.

## **PS 33/19 Forvaltningsrevisjon innan vedtaksoppfølging og internkontroll - statusmelding frå Deloitte**

### **Forslag til vedtak**

Informasjonen vart teken til orientering

### **Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Bømlo kommune - 17.10.2019**

#### **Handsaming i møtet:**

Deloitte v/Lina Hamre orienterte om saka og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Revisor gjennomfører intervju i dag og i morgon.

Svarprosenten er låg, 38 %. I samråd mellom revisor og kontrollutvalet vart ein einige om å senda ut ei ny puring, med kort frist (1 veke).

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

#### **Vedtak:**

Informasjonen vart teken til orientering.

## **PS 34/19 Vurdering om Deloitte AS er uavhengig i høve Bømlo kommune**

### **Forslag til vedtak**

Eigenerklæringa frå ansvarlig revisor Else Holst-Larsen vedrørande om at Deloitte AS er uavhengig i høve Bømlo kommune, vert teken til etterretning.

### **Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Bømlo kommune - 17.10.2019**

#### **Handsaming i møtet:**

Ansvarleg revisor (partner) Else Holst-Larsen orienterte om si vurdering av om dei er uavhengig i høve Bømlo kommune. Det vart opplyst i møtet at Deloitte Advokater kun har levert advokattjenester til BVA (Bømlo Vatn og Avløpsselskap AS) og ikkje til Bømlo kommune.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

#### **Vedtak:**

Eigenerklæringa frå ansvarleg revisor Else Holst-Larsen vedrørande om at Deloitte AS er uavhengig i høve Bømlo kommune, vert teken til etterretning.

## **PS 35/19 Deloitte presenterar revisjonsplan for 2019**

### **Forslag til vedtak**

Kontrollutvalet tar revisjonsplanen for 2019 frå Deloitte AS til orientering

## Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Bømlo kommune - 17.10.2019

### Handsaming i møtet:

Else Holst-Larsen (partner) i Deloitte orienterte om saka til kontrollutvalet og svarte på spørsmål.

Dette kom mellom anna fram i presentasjonen:

- Usikkert kor mykje arbeid det blir gjeldande ny kommunelov kap. 14 om Økonomiforvaltning
- Har hatt oppstartsmøte med administrasjonen.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

### Vedtak:

Kontrollutvalet tar revisjonsplanen for 2019 frå Deloitte AS til orientering.

## PS 36/19 Evaluering av arbeidet i kontrollutvalet i denne valperioden

### Forslag til vedtak

Resultat av evaluering av arbeidet i kontrollutvalet i Bømlo kommune i valperioden 2015 – 2019 vert å leggja fram for kontrollutvalet i valperioden 2019 – 2023.

## Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Bømlo kommune - 17.10.2019

### Handsaming i møtet:

Kontrollutvalet, ordførar, revisjonen og sekretær gjekk gjennom skjemaet for evaluering.

Nr.	Spørsmål	Svar
1	I kva grad blir møta gjennomførte på ein effektiv og engasjerande måte? Kva kan gjerast betre?	Stort sett vert møta gjennomførte på ein effektiv og engasjerande måte. Bruk av tekniske løysingar kan ein bli betre på. Bruk av Skype ved til døme handsaming av statusmeldingar frå revisor. Slik det har vore no kjem revisor gjerne langveis frå for å gje ei statusmelding på 10 min. Dette kan gjerast ved bruk av Skype eller andre tekniske løysingar. I nokon tilfelle kan til dømes ei epost melding vere ok. I avtale mellom revisor og kommunen er det eit krav om at revisjonen skal delta på alle KUV møta. Men det er tilstrekkeleg at det er ein person som kjem frå revisjonen. Kan tilpassast ut frå om det er saker frå rekneskapsrevisjonen eller forvaltningsrevisjonen.
2	Er talet på møte tilstrekkeleg i høve til saksmengda?	Talet på møte er tilstrekkeleg.
3	Klarer KUV å fylle kontrollfunksjonen på ein god måte? Kva kan gjerast betre?	Stort sett klarer ein å fylle kontrollfunksjonen på ein god måte. Det vart diskutert om det er mogleg å få til eit tettare samarbeid mellom KUV og KS.
4	I kva grad har KUV hatt økonomiske rammer til å gjennomføre oppgåvene på ein god måte?	Kontrollutvalet har fått det ein har budsjettert med i budsjettframlegget som vert sendt til kommunestyret. Ordførar opplever og at dette ikkje har vore noko problem ved handsaminga av budsjettet for KUV i KS.

5	Korleis blir KUV oppfatta av andre sentrale aktørar, slik som kommunestyret og administrasjonen?	Ordførar opplever at kontrollutvalet vert oppfatta som ein viktig aktør.
6	Har kommunestyret og administrasjonen forståing av kva rolle og ansvar KUV har? Korleis kan KUV bidra til ei god forståing?	Ja, rolle og ansvar er godt avklart.
7	Er det klåre roller og klår ansvarsdeling mellom KUV, kommunestyret og administrasjonen?	Frå alle parter oppleves det at det er klår ansvarsdeling mellom kontrollutvalet, kommunestyret og administrasjonen.
8	I kva grad er KUV synleg nok på kommunen si heimeside?	Kontrollutvalet er godt synleg på heimesida til kommunen.
9	Bør KUV gjere meir og/ eller mindre av noko?	Stort sett greit slik det er. Men kontrollutvalet har eit ønskje om at når framlegg til prosjektplan for kontrollutvalet blir lagt fram, blir det og lagt fram risikovurderingane frå administrasjonen si side. Dette kan gjerast av revisor eller administrasjonen sjølv. Kjekt å ha dette med i arbeidet med forvaltningsrevisjonen.
10	Korleis fungerer samhandlinga med revisor? Kva kan gjerast betre?	Kontrollutvalet er godt nøgd med revisor. Ordførar har og inntrykk av at dette har fungert godt. Revisor har heller ikkje noko og utsetja på dette, anna at det er god samhandling.
11	Korleis fungerer arbeidet med plan for forvaltningsrevisjon og plan for selskapskontroll?	Dette har fungert veldig bra og det har vore godt engasjement i dette utvalet.
12	Korleis fungerer samhandlinga med sekretariatet? Kva kan gjerast betre?	Dette har fungert veldig greit.
13	Kontrollutvalet og henvendingar: - Frå innbyggjarar - Tilsette - Andre folkevalde	Kontrollutvalet (og då spesielt leiar) har hatt fleire henvendingar frå innbyggjarar. Det har vore to henvendingar frå tilsette og tre henvendingar frå andre folkevalde.
14	Kva bør folkevaldopplæringa for det nye KUV innehalde og kor omfattande bør det vera? - Tilstrekkeleg ressursar til opplæring.	Kontrollutvalet meiner at det er viktig at alle faste medlemar bør få delta på folkevaldopplæringa. Kontrollutvalet syntes det var spesielt nyttig med case og gruppeoppgåver på disse samlingane. Ja kontrollutvalet har hatt tilstrekkelege ressursar til dette.
15	Folkevaldopplæringa for kommunestyret: - Bør KUV få delta her? - Bør rolle og ansvar for KUV presenterast her?	Ordførar har lagt fram framlegg til KS om at kontrollutvalet og bør få delta på folkevaldopplæringa for kommunestyret. Kontrollutvalet meiner og at rollar og ansvar for KUV og bør presenterast der.
16	Anna	

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

#### Vedtak:

Resultatet av evaluering av arbeidet i kontrollutvalet i Bømlo kommune i valperioden 2015 – 2019 vert å leggja fram for kontrollutvalet i valperioden 2019 – 2023.

### PS 37/19 Forslag til budsjett for 2020 til kontroll- og tilsynsarbeidet

#### Forslag til vedtak

Kontrollutvalet godkjenner budsjettforslaget slik det ligg føre. Budsjettforslaget skal følgja sak med budsjettarbeid fram til handsaming i kommunestyret. Kommunestyret gjer endeleg vedtak om budsjett for kontrollarbeidet for 2020.

### **Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Bømlo kommune - 17.10.2019**

#### **Handsaming i møtet:**

Sekretær presenterte kort enkeltpostane i budsjettframlegget og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Det kom ikkje fram noko spesielt under handsaming av saka.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

#### **Vedtak:**

Kontrollutvalet godkjenner budsjettforslaget slik det ligg føre. Budsjettforslaget skal følgja sak med budsjettarbeid fram til handsaming i kommunestyret. Kommunestyret gjer endeleg vedtak om budsjett for kontrollarbeidet for 2020.

### **PS 38/19 Plan for forvaltningsrevisjon 2020-2024 - Bestilling av prosjektplan**

#### **Forslag til vedtak**

1. Kontrollutvalet ber Deloitte innan 14.11.2019, laga eit forslag til prosjektplan, som bl.a. inneheld korleis analyse- og planarbeidet skal gjennomførast, ressursbruk og forventa levering. Prosjektplanen skal omfatta:
  - a. Korleis risiko- og vesentlegvurdering av Bømlo kommune si verksemd og verksemda i kommunen sine selskap skal gjennomførast.
  - b. Forslag til korleis arbeidet med plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2020 – 2024 skal gjennomførast.
2. Forslag til prosjektplan skal leggjast fram for godkjenning i kontrollutvalet i første møte i nytt utval.
3. Kontrollutvalet ber om at prosessen blir lagt opp slik at forslag til plan for forvaltningsrevisjon kan leggjast fram for kommunestyret i juni 2020.

### **Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Bømlo kommune - 17.10.2019**

#### **Handsaming i møtet:**

Deloitte v/Lina Hamre orienterte om saka, og arbeidet ein gjer i denne overordna analysen, og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

#### **Vedtak:**

1. Kontrollutvalet ber Deloitte innan 14.11.2019, laga eit forslag til prosjektplan, som bl.a. inneheld korleis analyse- og planarbeidet skal gjennomførast, ressursbruk og forventa levering. Prosjektplanen skal omfatta:
  - a. Korleis risiko- og vesentlegvurdering av Bømlo kommune si verksemd og verksemda i

- kommunen sine selskap skal gjennomførast.
- b. Forslag til korleis arbeidet med plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2020 – 2024 skal gjennomførast.
  2. Forslag til prosjektplan skal leggst fram for godkjenning i kontrollutvalet i første møte i nytt utval.
  3. Kontrollutvalet ber om at prosessen blir lagt opp slik at forslag til plan for forvaltningsrevisjon kan leggst fram for kommunestyret i juni 2020.

## **PS 39/19 Plan for eigarskapskontroll 2020-2024 - bestilling av prosjektplan**

### **Forslag til vedtak**

1. Kontrollutvalet ber Deloitte innen 14.11.2019, laga eit forslag til prosjektplan, som bl.a. inneheld korleis analyse- og planarbeidet skal gjennomførast, ressursbruk og forventta levering. Prosjektplanen skal omfatta:
  - a. Korleis risiko- og vesentlegvurdering av Bømlo kommune sin eigarskap i selskap skal gjennomførast.
  - b. Forslag til korleis arbeidet med plan for eigarskapskontroll for perioden 2020 – 2024 skal gjennomførast.
2. Forslag til prosjektplan skal leggst fram for godkjenning i kontrollutvalet i første møte i nytt utval.
3. Kontrollutvalet ber om at prosessen blir lagt opp slik at forslag til plan for eigarskapskontroll kan leggst fram for kommunestyret i juni 2020.

## **Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Bømlo kommune - 17.10.2019**

### **Handsaming i møtet:**

Deloitte v/Lina Hamre orienterte om saka, og arbeidet ein gjer i denne overordna analysen, og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak:**

1. Kontrollutvalet ber Deloitte innen 14.11.2019, laga eit forslag til prosjektplan, som bl.a. inneheld korleis analyse- og planarbeidet skal gjennomførast, ressursbruk og forventta levering. Prosjektplanen skal omfatta:
  - a. Korleis risiko- og vesentlegvurdering av Bømlo kommune sin eigarskap i selskap skal gjennomførast.
  - b. Forslag til korleis arbeidet med plan for eigarskapskontroll for perioden 2020 – 2024 skal gjennomførast.
2. Forslag til prosjektplan skal leggst fram for godkjenning i kontrollutvalet i første møte i nytt utval.
3. Kontrollutvalet ber om at prosessen blir lagt opp slik at forslag til plan for eigarskapskontroll kan leggst fram for kommunestyret i juni 2020.

## **PS 40/19 Gjennomgang av møteprotokollar**

### **Forslag til vedtak**

Kontrollutvalet tar møteprotokollane til orientering



## **Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Bømlo kommune - 17.10.2019**

### **Handsaming i møtet:**

Det kom ikkje fram noko spesielt under denne saka

Vedtaket var samrøystes.

### **Vedtak:**

Kontrollutvalet tar møteprotokollane til orientering

## **PS 41/19 Referatsaker**

### **Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Bømlo kommune - 17.10.2019**

### **Handsaming i møtet:**

Det kom ikkje fram noko spesielt under referatsaka.

Vedtaket var samrøystes.

### **Vedtak:**

Referatsaka vart teken til orientering.

## **PS 42/19 Eventuelt**

### **Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Bømlo kommune - 17.10.2019**

### **Handsaming i møtet:**

Sak PS 46/19 Formannskapsmøte 04.06.19 – tilsyn samfunnstryggleik og beredskap.

Kontrollutvalet ønskjer at rådmannen kjem til møte og orienterer om denne saka til neste møte.

FKT –medlemsinfo – tilbod om dagskurs til kontrollutvalsleiarane

Av medlemsinfo frå FKT som er vedlagt i sak PS 41/19 i dette møtet, kjem det fram at FKT tilbyr dagskurs til kontrollutvalsleiarane i veke 17 i 2020. Kontrollutvalet ønskjer at ny leiar for kontrollutvalet skal få moglegheit til å delta på denne.

### B-sakene:

Møtet vart lukka med heimel i kommunelova § 31, 3 ledd, ved handsaminga av B-sakene.

Vedtaket var samrøystes.

### **Vedtak:**

1. Kontrollutvalet ønskjer at rådmannen kjem til møtet 05.12.2019 og orienterer om tilsynssaka gjeldande samfunnstryggleik og beredskap.
2. Kontrollutvalet ønskjer at ny leiar for kontrollutvalet får moglegheit og tilbod om å delta på dagskurset for kontrollutvalsleiarane i veke 17 i 2020.
3. B-sakene vart tekne til orientering.